

1038/1952. Utg.

20. september 1952.

253

Riksrevisjonen.

Londonrekneskapen.

I slutten av juni i år ba Riksrevisjonen i telefonen Riksarkivet ta imot Londonrekneskapen eller i tilfelle røkja etter om noko av denne rekneskapen kunne kasserast. Det vart straks svara at Riksarkivet ikkje hadde plass til å ta imot ei slik avlevering. Dinæst har ein av arkivarane i Riksarkivet sett på den delen av Londonrekneskapen som er spesialrekneskapar i 5.kontor i Riksrevisjonen.

Ein vil rá til at 5. kontor, som treng arkivplass, går i gang med å ordna desse spesialrekneskapane og gjera dei i ferdig stand til avlevering. To eksemplar av reglar om arkivsaker som vert sende inn til offentlege arkiv, fylgjer hermed. Når arkivsakene vert ordna kan ei mengd ringpermrar og kassettar takast bort. Og ein kan få skilt ut uvedkomande saker som kan vera komne saman med spesialrekneskapene. Omfanget av Londonrekneskapen vil på denne måten kunna reduserast monaleg. Etterat arkivsakene er pakka om, bør dei leggjast i standardkassar. Kontoret skulle då kunna få arkivsakene sett opp tilgjengeleg eller lagra utilgjengeleg på minst mogeleg plass.

Ein av arkivarane i Riksarkivet vil kunna rettleia den tenestemannen i 5. kontor som ordnar sakene, og ha tilsyn med arbeidet. Han kan òg hjelpa til med å få i stand eit spesifisert

kassasjonsframlegg. Ein vil her elles peika på spørsmålet om ikkje iverksetjing av kassering i alle høve bør stå ut til heile rekneskapen har vorti 10. år gammal.

Etter fullmakt

M.R.